



**Langsua
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Vestringsvegen 4
2651 Østre Gausdal

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 61 26 62 02
sfinpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/langsua>

Øystre Slidre fjellstyre

Saksbehandler Ulf Ullring

Vår ref. 2024/3403-2 432.3

Deres ref.

Dato 08.09.2024

Delegert - Dispensasjon - Langsua NP - Haldorbu LVO - Kjølaåne NR - Motorisert transport av felt elg - Skaget - Synhaugen - Vinsteren og Flagstad - Øystre Slidre fjellstyre

Vedtak

Langsua nasjonalparkstyre gir løyve til motorisert transport i utmark av felt storvilt med lett terrenggåande beltekøyretøy i Langsua nasjonalpark og Kjølaåne naturreservat i åra 2024-2027. Dispensasjonen er gitt med heimel i § 3 pkt. 6.3 k i verneforskrifta for Langsua nasjonalpark, § 7 w i verneforskrifta for Kjølaåne naturreservat. I Haldorbu landskapsvernområde er slik transport tillatt utan søknad og utan rapporteringsplikt, jf. § 3 pkt. 6.2 d i verneforskrifta. Løyvet gjeld berre i jakttida for elg og hjort.

Følgjande vilkår gjeld:

- Løyvet gjeld jaktterrenget Skaget, Synhaugen, Vinsteren, Flagstad og Rolien-Yddebu jaktfelt og for åra 2024-2027.
- Løyvet gjeld berre for lette saktegåande terrenggåande beltekøyretøy som elgtrekk, jernhest, Valmet Terri 30 og ATV med beltar.
- På godkjende køyrespor i Haldorbu LVO kan også traktor og ATV utan belte nyttast, men ikkje i terrenget.
- Køyring skal skje så omsynsfullt mot naturmangfaldet som mogleg, jf. nml § 6 generell aktsomhetsplikt.
- Løyvet gjeld berre køyring i ganghastighet eller lågare.
- Ein skal unngå å setje varige spor i terrenget. Nytt eksisterande vegar og spor så langt mogleg. Unngå våte myrparti o.l. Alvorlege terrengskadar skal reparerast på tiltakshavar sin kostnad, jfr. Naturmangfoldlova §11.
- Løyvet skal vere med ved køyring og visast fram ved kontroll.
- Kvart jaktlag er ansvarleg for at all køyring i nasjonalpark og naturreservat rapporterast inn til Nasjonalparkstyret. Etter felling, men før køyring skal ein rapportere inn namn på jaktlag, sjåfør og køyreruta til Statens naturoppsyn v/ Kjølv Falklev (mob. 951 65 085/ kjolv.oystein.falklev@miljodir.no). Etter jakta skal rapport med talet på turar, tidspunkt for køyringa og kart med køyreruta teikna inn sendast til Langsua nasjonalparkstyre, pb. 987, 2626 Lillehammer, evt. fminpost@fylkesmannen.no innan 10. januar påfølgande år.

Nasjonalpark	Langsua
Naturreservat	Hersjømyrin, Kjølaåne, Oppsjømyra, Røssjøen, Skardberga
Landskapsvernområde	Dokkfaret, Espedalen, Haldorsbu, Storlægeret



Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av parter i saken eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker, jf. forvaltningslova § 28. Ei klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Langsua nasjonalparkstyre.

Søknaden

Øystre Slidre fjellstyre har 8 jaktterreng i ØS statsallmenning som er lyst ut på nye 4 års kontrakter fra og med 2024. De søker samlet på vegne av jaktlaga i fem av dem om å få bruke beltegående elgtrekk/jernhest/ Valmet Terri 30 og ATV med belter i følgende jaktterreng i kontraktperioden 2024-2027:

Skaget (Langsua NP, Haldorbu LVO og Kjølaåne NR)

Synhaugen (Kjølaåne NR og Haldorbu LVO)

Vinsteren (Langsua NP)

Flagstad (Langsua NP)

Jaktterreng Myrbærhammaren ligger bare innenfor Haldorbu LVO, så de oppfatter det slik at de her ikke treng å søke om dispensasjon så lenge de bruker «lett beltekjøretøy som ikkje set varige spor i terrenget». Innenfor Haldorbu LVO er det ønskelig å få lov til å bruke traktor/ATV langs eksisterende kjørespor Haldorbu-Kvitfeten som tidligere.

I tillegg til «egne» terreng søker dei også dispensasjon på vegne av Rolien/Yddebu grunneigerlag/sameige for Rolien-Yddebu jaktfelt. Jaktterreng her går inn i Kjølåne NR.

Kart over de 8 jakt-terrengene i ØS statsallmenning er vedlagt søknaden.

Verneforskrift og verneformål

Langsua nasjonalpark med tilliggjande verneområde vart oppretta gjennom verneplan for Langsua av Kongen i statsråd 11. mars 2011. Langsua nasjonalparkstyre har forvaltningsmyndigheten for alle verneområda med unntak av Hynna NR kor Fylkesmannen i Innlandet er forvaltningsmynde.

Føremåla med vernet går fram av verneforskrifta §1 for dei einskilde verneområda, og ein viser til desse. Ein viser også til forvaltningsplanen. Jakt på hjortedyr i tråd med gjeldande jaktlovgivnad er tillate i alle verneområda. Motorferdsel på land, på vatn og i lufta under 300 m frå bakken er forbode i alle verneområda. Nasjonalparkstyret kan likevel med heimel i verneforskriftene gi løyve til motorferdsel med lette beltegåande terrengkøretøy i samband med storviltjakt for Langsua nasjonalpark jf. § 3 pkt. 6.3 k og for Kjølåne NR jf. §7 w. I Haldorbu LVO er slik transport med lett beltegåande køretøy ikkje søknadspliktig. I same område kan nasjonalparkstyret gi løyve til bruk av traktor/ATV langs eksisterande kørespor, jfr. §3 pkt. 6.3 g.

Vurdering

Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Verneforskrift for Langsua nasjonalpark av 11. mars 2011
- Verneforskrift for Haldorbu landskapsvernområde av 11. mars 2011
- Verneforskrift for Kjølåne naturreservat av 11. mars 2011
- Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova/nml) av 19. juni 2009



Jakt på storvilt er ikkje i konflikt med verneformåla og det er heimel i vernereglane for motorisert uttransport av felt storvilt. Kunnskapen om verneområda (nml §8) er god, og det ligg ikkje føre spesielle forhold som tilseier ei anna praksis. Med gitte vilkår for køyringa skal heller ikkje bruk av føre-var-prinsippet (nml §9) være naudsynt. Bruk av lette beltegåande terrengkøyretøy i terrenget i alle vernekategoriar og traktor, ATV eller tilsvarande langs godkjente køyrespor i landskapsvernområde kan godtakast etter visse vilkår jf. nml § 12. Dersom det likevel oppstår openbart varige skadar – skadar som naturen sjølv ikkje lekar - må tiltakshavaren syte for at skaden rettast opp (nml §11).

I dei omsøkte jaktområda finnast det mange våtmarker, myrer og andre fuktige områder som er sær sårbare for køyreskadar. En må difor vise stor grad av omtanke under transporten og nytte eksisterande vegar og far (spor) i størst mogleg grad. Samla belastning på økosystemet (nml §10) kan avgrensast til det akseptable om dei gitte vilkåra fylgjast nøye, og vi gir fornya løyve med det som føresetnad.

Med hilsen

Ulf Ullring
nasjonalparkforvalter

Etter våre rutiner er dette brevet godkjent og sendt uten underskrift

Kopi til:

Øystre Slidre kommune
Statens naturoppsyn v/ Kjølvi Falklev
Statsforvalteren i Innlandet

Bygdinvegen 1989

Postboks 987

2940

2604

HEGGENES

LILLEHAMMER